

Innleiing

Høyringsfråsegna frå Studentmållet i Oslo (SmiO), Studentmållet i Bergen (SmiB) og studentmållet i Nidaros (SmiN) av 16. april 2012, på høyringa om litteratur- og språkpolitiske verkemiddel¹ (heretter omtala som 2012-fråsegna) ligg tungt til grunn for dette høyringsvaret.

Føremålsparagrafen

Me sluttar oss i all hovudsak til framlegget til føremålsparagraf (jamfør høyrings spørsmål 1), med det atterhaldet at ein med «norsk språk og skriftkultur» referer til både nynorsk og bokmål, jamfør «prinsippet nynorsk» i St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*:

Nynorsk høyrer i utgangspunktet alltid med der norsk språk blir tematisert eller brukt. I dei tilfella der nynorsk likevel ikkje er ein relevant faktor, må dette legitimerast aktivt og behova til nynorskbrukarane bli dekte. (s. 82)

Me saknar også samisk i føremålsparagrafen.

Fastpris

I 2012-fråsegna gjekk me inn for fastpris ved boklov på med denne argumentasjon:

Fastprissystemet slik det fungerer i dag, tryggjar at nynorskbøker er tilgjengelege i bokhandlar til same pris over heile landet. Dette gjer at alle i prinsippet har tilgang til litteratur på nynorsk. At nynorske bøker jamt over blir lesne, sikrar den språklege tryggleiken og kompetansen til nynorskbrukarar. I tillegg styrkjer det kompetansen i og forståinga for nynorsk hjå bokmålsbrukarar. Dette sikrar at interaksjon og samarbeid mellom bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar, til dømes i academia, kan gå føre seg på språket og premissane til alle partar. Resultatet av ei slik nasjonal tospråklegheit, er mindre målbytte og auka reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål.

Med ei eventuell friprisordning, fryktar me for at det er nynorskbøkene som vil li under det. Ei friprisordning kan føra til at færre bokhandlar har eit breitt sortiment, og at både forlag og bokhandlar konsentrerer seg om å marknadsføra bestseljarar og pressa ned prisane på dei. Nynorskbøker, uansett sjanger, blir sjeldan bestseljarar, og ei friprisordning kan gjera det meir risikabelt for forlag å gje ut nynorsk litteratur og for bokhandlar å ta desse bøkene inn.

Følgjeleg går me framleis inn for ei boklov med obligatorisk fastpris (jamfør høyrings spørsmål 5, alternativ 1). For at denne boklova skal fungera slik det er tenkt, er det avgjerande at det er eit tak på rabatteringa både i distribusjons- og salsleddet (jamfør høyrings spørsmål 8 og 12, alternativ 1). All den tid resonnementet over i stor grad òg gjeld e-bøker, ser me ingen grunn til at e-versjonen og papir-versjonen av same bok ikkje begge skal vera omfatta av fastpris ved lov (jamfør høyrings spørsmål 2, alternativ 1).

Resonnementet over legg òg til grunn ei ordning med skaffeplikt for bokhandlarar og leveringsplikt for forlaga som i dag ligg i Bokavtala. SmiO ser gjerne at denne ordninga går inn i ei boklov (jamfør høyrings spørsmål 9). Til grunn for denne ordninga ligg eit samarbeid om vilkår for betaling,

¹http://www.regjeringen.no/pages/36742574/Litteratur_og_sprakpolitiske_virkemidler_20_Studentmaallagene_i_Oslo_Bergen_Nidaros.pdf

frakt og levering. Dersom ei skaffe- og leveringsplikta skal vidareførast i ei boklov, er det logisk at også samarbeidet om vilkår for betaling, frakt og levering blir heimla i boklova (jamfør høyringsspørsmål 13)

Fastprisperiode for fagbøker

Med tanke på utfordringane norsk fagspråk, særleg nynorsk fagspråk står overfor, med tanke på domenetap til engelsk meiner me at norsk faglitteratur, slik det er definert i høyringsnotatet, står i utsett til og er i ei særstilling. For Studentmållaget i Oslo veg omsynet til nynorskbrukande studentar tungt. Me viser på nytt til 2012-fråsegna, der me skisserer sambandet og vekselverknadene mellom (ny)norsk fagspråk, (ny)norsk faglitteratur og dei nynorskbrukande studentane, og referansane som finst der.

Me går inn for at fastprisperioden for denne bokgruppa er minst like lang som for litteratur elles, helst minst eitt år lengre. Til dømes kan fastprisperioden gjelda 30. april i år 2 etter utgjevingsåret.

Grunnen til dette er at målgruppene for utgjevingar i denne bokgruppa er langt mindre og meir fragmenterte enn til dømes skjønnlitterære og populærvitskaplege utgjevingar, og at innteningsperioden difor er mykje lengre. Ei fagbok skal òg ha vore tilgjengeleg ei stund før ho kan bli teken inn på pensum. Dette er særleg viktig for fagbøker som er skrivne i mindretalsmålforna nynorsk.

Oppsummering

Me vil her gje ei punktvis oppsummering av korleis me stiller oss til dei av høyringsspørsmåla me ser som mest relevante for oss:

Høyringsspørsmål 1 (føremålsparagraf): Me stiller oss bak med merknadene over.

Høyringsspørsmål 2 (e-bøker): Me stør alternativ 1, at e-bøker er omfatta av boklova.

Høyringsspørsmål 3 (fastprisperiode for fagbøker): Me meiner det er maktpåliggjande med minst like lang fastprisperiode på fagbøker som for andre bøker, helst eitt år lengre.

Høyringsspørsmål 5 (obligatorisk eller frivillig fastpris): Me stør alternativ 1, boklov med obligatorisk fastpris.

Høyringsspørsmål 8 (rabattering): Me meiner det skal vera tilgang til rabattering, men at denne må ha eit tak ikkje mykje høgare enn i dagens bransjeavtale.

Høyringsspørsmål 9 (skaffe- og leveringsplikt): Me stør at skaffe- og leveringsplikta blir oppretthalde i boklova. Dette er viktig for å sikra tilgang til nynorsk litteratur i heile landet.

Høyringsspørsmål 12 (rabattering til forhandlarleddet): Me stør alternativ 1 med eit tak på mogleg rabattering.

Høyringsspørsmål 13 (samarbeid om vilkår for frakt og levering): Me stør framlegget om at samarbeid om vilkår for frakt og levering blir heimla i boklova.

Beste helsing

Bror-Magnus Sviland Strand
leiar i Studentmållaget i Oslo